



Dei fleste fjellnamna i Kvinnherad har fått ei grundig og språkleg forsvarleg tolking. Så langt har eg ikkje lese ei slik forklaring på namnet Englafjell.

Rett nok har underskrivne gjort ein freistnad i turboka "Opptur Hordaland", men den tolkinga er noko ufullstendig og lite grunnigjeven

Det er vel ei populær meining at Englafjell her noko med englar å gjera. Folkefantasia kan kanskje ha hatt ei humoristisk oppfatning av at englar måtte kunna finnast på eit så høgt fjell – eller eitt eller anna ved utforming eller vertilhøve kring fjellet kunne tenkjast å gje opphav til namnet.

Desse spekulasjonane er mindre sannsynlege. Dei fleste fjellnamn har opphav i nemningar for form eller utsjånad. Gode døme er Melderskin, Ulvanoso og Manen (som i hesteman: avrunda fjelltopp, jfr. bergensnamna Rundemanen og Blåmanen). Englafjell har eit framledd Engla- som språkleg sett har samanheng med ongul (angel).

Andre stader i landet har vi stadnamn som inneheld framledd av same type. Desse namna vert sette i samanheng med eit gammalt ord-element i germanske språk (*ang-) som tyder "krum, avrunda (og spiss)". Ordet anker har same opphav. Det har også ei bøygd form.

Høver dette for Englafjell? Etter mi meining – svært godt! Sett frå nord har Englafjell i horisontalplanet ei tydeleg KONVEKS form. Sett frå dalbotnen i Uskedalen har Englafjell også ei tydeleg u-form, rett nok ein nokså utstrekt u.

Mi tolking er då: Englafjell: "fjellet med bøygd form/kant, det krumme fjellet". Viss redaksjonen er snill, og trykkjeriet dyktig: Sjå biletet av Englafjell i mai-modus, teke frå ein

stad under Geitadalstinden.

Hermund Fenne